



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy,

Tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar på grunnskuleopplæring i 2019 - Lindås kommune

Fylkesmannen i Vestland tildeler **kr. 35 000** til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i Lindås kommune for kalenderåret 2019, til kontonummer 3201 05 89311. Fylkesmannen har mottatt søknad frå kommunen for 20 elevar.

Tilskotet skal bidra til at kommunen kan gjennomføre symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar som er omfatta av grunnskuleopplæringa. Målet for tilskotet er å redusere risikoen for ulykker i forbindelse med bading og å setje elevane betre i stand til å oppnå kompetansemåla i læreplanen.

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen på kor mange som er over og under 18 år som har gjennomført symjeopplæring. Det skal også rapporterast på kor mange timar symjeopplæring som er gitt.

Ubrukte midlar kan berre bli overførte til neste budsjettår etter søknad frå kommunen.

Rapportering: 1. desember 2019.

Rapporteringsskjema finn de på Fylkesmannen i Vestland si heimeside.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskotsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom føresetnadene for å få tilskott ikkje er oppfylte, kan Fylkesmannen krevje tilbake tilskott. Ved feil i utrekninga kan avrekning gjerast i eventuelle komande tildelingar.

Med helsing

Marianne Svege
seksjonsleiar
Dokumentet er elektronisk godkjent

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent



Kopi til:
Arne Johan Sele